

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2022



Foto: Martin Mettenes

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det nye styret for perioden 2020-2023 vart konstituert 11.mars 2020 og det ser slik ut:

Namn	Funksjon	Representører	Vararepresentant
Jacob Andre Telvik Nødseth	Styreleiar	Kinn	Anett Berg
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger	Henny M. Hansen
Janne Marie Solheim	Styremedlem	Gloppen	Per Ståle Husevåg
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland	Karianne Torvanger

Styret har hatt 4 styremøte i 2022. Eitt møte var i Kalvåg, eit på SNO-båten Lomvi, eitt i Åskora og eitt i Florø. På desse styremøta har styret handsama 22 styresaker og 8 referatsaker.

Styremøtet som var på SNO-båten var ein del av ei synfaring på Nordfjorden. Der fekk styret sjå den veglause sida av Hyefjorden og landskapet der, og dei veglause gardane langs Nordfjorden. I tillegg fekk styret vere med når SNO dreiv lakseoppsyn og beslagla ulovlege garn.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Få bygningar, lite aktivitet og krevjande terregn avgrensar behovet for transport og anna motorferdsel. Tal på enkeltsaker varierer sjølv sagt noko mellom åra, men jamt over er saksmengda låg. I 2022 har det blitt gjort vedtak i fire enkeltsaker. I to av sakene er det gjort vedtak med delegert mynde.

- Flor turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved Gjegnabu og Blåbrebu i samband med transport av forsyningar til hyttene. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Arkitektfirmaet NÆR AS fekk løyve til å bruke drone ved Gjegnabu i samband med prosjektering av ny hytte/nødbu ved Gjegnabu på oppdrag for Flora turlag. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Nordisk Banijay fekk løyve til å bruke drone i den vestlege delen av verneområdet i samband med produksjon av tv-program.
- Nordisk Banijay fekk løyve til å lande med helikopter i samband med tv-produksjonen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde etter dialog med styreleiar. Løyvet vart ikkje nytta.

Verneområdeforvaltar har fått delegert mynde til å fatte vedtak i saker av kurant karakter. Det vil seie saker kor man har forvaltningspraksis eller retningslinjer og støtte seg på, og som ikkje er kontroversielle, prinsipielle eller kompliserte. Delegert mynde sørger for ei effektiv sakshandsaming og mindre byråkrati i dei kurante sakene og dei sakene som hastar.

Styret har handsama ein del administrative saker i 2022:

- Søknad om tiltaksmidlar, fordeling og oppfølging av bruken av desse.
- Retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker
- Oppfølging av prosessen med supplerande vern, og muleg endring av verneform til nasjonalpark.
- Revidering av tiltaksplan

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2022	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre	210 000	182 065	95 000	85 330	115 000	96 735
Tiltaksmidlar	800 000	681 485	500 000	435 905	300 000	245 580
<b>Tot</b>	<b>1 010 000</b>	<b>863 550</b>	<b>595 000</b>	<b>521 235</b>	<b>415 000</b>	<b>342 315</b>

Bruken av midlar i 2022, både til drift og tiltak, har vore disiplinert og kontrollert og godt innanfor tildelt budsjett. Kostnadane er omtrent som dei var i 2021.

Det var teke høgde i budsjettet for deltaking på nasjonalparkkonferanse i 2022, men den vart avlyst. Elles har året gått omtrent som planlagt, med fire styremøte og eit par synfaringar.

Ålfotbreen fekk 300.000 i tiltaksmidlar. Om lag 245.000 av desse vart brukt. Mesteparten av mindreforbruket skuldast eit tiltak i Grøndalen som ikkje vart gjennomført. Meir detaljert om tiltak og bruk av tiltaksmidlar står i neste kapittel.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre søkte om 395.000 i tiltaksmidlar for 2022, fordelt på åtte ulike tiltak/prosjekt. Alle tiltaka vart godkjende av Miljødirektoratet, som tildelte 300.000 til Ålfotbreen og til fordeling på tiltaka. Verneområdestyret måtte gjere ei prioritering, og det vart fordelt midlar til fem tiltak. Seinare vart nokre av midlane omdisponert, og det vart til slutt brukt midlar på tre tiltak/prosjekt.

Tiltak/prosjekt	Forbruk
Film/grafisk informasjon om geologi	170 580
Stien til Blåbrebu	0
Bjørndalen-Gjengnen	25 000
Innfallsport Grøndalen	50 000
Totalt	<b>245 580</b>

### Film om geologi

Det tiltaket som har vore brukt mest tid og pengar på i 2022 er produksjon av film og animasjon som skal forklare geologien og landskapet i Ålfotbreen LVO. Vi har hatt ein god og grundig prosess i dette arbeidet, kor vi har satt saman eit team av dyktige fagfolk til å produsere og kvalitetssikre. Ved utgangen av året var filmen ikkje heilt ferdig, men det vil den bli tidleg i 2023. Filmen vart ferdig finansiert og betalt i 2022.

### Stien til Blåbrebu

Det var planer om, og sett av midlar til, utbetring av stien frå Grøndalen til Blåbrebu. Grunna vanskelege værtihøve og utfordingar med kapasitet so kom vi ikkje i gang med dette tiltaket.

### Merking av ruta Bjørndalen-Gjegnen

Keipen turlag meldte inn behov for å gjere ferdig merkinga av ruta frå Bjørndalen til Gjegnen. Det vart satt av midlar til arbeidet, og det vart gjennomført av Keipen turlag i løpet av sommaren 2022.

### Parkeringsplass i Grøndalen

Det var laga til parkeringsplass i Grøndalen i 2021. Men det var framleis utfordingar med å ha nok parkeringsplassar på dei mest populære utfartsdagane. Det vart laga ein plan for opparbeiding av ein parkeringsplass til. Vi ventar framleis på tilbakemelding på søknad om avkørsle frå fylkesveg frå Vestland fylkeskommune. Vi har gjort førehandskjøp av arbeid og masse med leverandør som vi har rammeavtale med, slik at dette arbeidet kan gjerast i 2023.

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

I 2019 vart utvalet evaluert og revidert av styret. Etter innspel frå utvalet sjølv vart det gjort nokre endringar i samansettinga, og nytt utval vart oppnemnt av styret. Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Rådgjevande utval hadde møte i Florø 3.oktober. I tillegg til representantar frå utvalet møtte styreleiar Nødseth og verneområdeforvaltar Røyrvik på møtet.

## 6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbrean LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 22.juni 2022, i Gloppen.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- Jon Anders Stavang – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

## 7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Etter å ha jobba med prosjekt i eit par år, var Rune Holen attende som fast naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen i 2022. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltinga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særskilt godt!

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2022 vore kontorlass for verneområdeforvaltaren, begge dei to naturoppsynstillingane og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særskilt godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt. Vi har i 2022 flytta forvaltningsknutepunktet om lag 200 meter frå Krånavegen til Kraftbygget i Sørstrandsvegen 9. Der flytta vi inn i nyoppussa og godt tilrettelagte lokale, og vi fekk ein meir langsiktig og føreseeieleg husleigeavtale.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldsseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særskilt godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

### Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Ingen relevante i 2022

### Foredrag

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 22.mars

### Møteverksemd

- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.
- Deltaking i fleire team innan offentlege innkjøp og utarbeiding av rammeavtaler.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltinga av villrein.

Mykje av møteverksemnda vert gjennomført digitalt, ved hjelp av Teams eller andre plattformar. I 2022 har dette først og fremst vore av omsyn til effektivitet og sparte kostnader, og ikkje lenger so mykje knytt til smittevern.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.


## 8. Bilete frå 2022



**Bilete 1.** Tre av fire styremedlemmer og verneområdeforvaltar på styremøte i Kalvåg i mars.



**Bilete 2.** Naturoppsyn Holen, styreleiar Nødseth og styremedlem Solheim på synfaring/tur med SNO-båten Lomvi under synfaring på Hyefjorden og Nordfjorden i juni.



Bilete 3. Yksneelvane og Yksneelvane kraftverk



Bilete 4. Brua ved Skarvevatnet tolte vinteren godt, og vart gjort klar til bruk igjen i slutten av april.  
Foto: Martin Mettenes



**Bilete 5.** Hamna i Metteneset. Her har ålmenta bruksrett på ein båtplass etter avtale mellom verneområdeforvaltinga og grunneigar. Foto: Martin Mettenes



**Bilete 6.** Verneområdeforvaltar, naturoppsyn og tre av fire styremedlemmer ved Bjørndalsdammen oppunder Gjegnen.